

Her i landet har vi eit arbeidsliv med rettar og pliktar, akkurat slik resten av samfunnet vårt er innretta. Gjennom det samarbeidet og dei konfliktane som arbeidstakarar, arbeidarorganisasjonar, arbeidsgjevarar og myndigheiter har vore ein del av gjennom mange år, har vi bygt eit samfunn som store delar av verda ser på med stor respekt og undring.

Gjennom mange år har fagforeiningar i fleire av dei europeiske landa vorte sterkt svekka, og det har vore vanskeleg for arbeidsfolk å stå samla nok i sine krav og behov. Myndigheitene har ikkje vilja og ikkje vore tvinga til å ta dette inn over seg, og dermed har ein av berebjelkane i samfunnet vorte borte.

Det er sjølvstakt slik at Noreg ikkje har vore så sterkt påverka av dei den økonomiske krisa dei siste åra. Men heller ikkje her hadde det sett like godt ut dersom ikkje arbeidarar og arbeidsgjevarar hadde kunna samarbeide og snakke om dei gode og konstruktive løysingane for heile samfunnet. Dette er det særleg som gjer inntrykk i mange av våre europeiske naboland.

I gudstenesta i dag vil vi saman takke og be for det vi har og for det vi framleis ynskjer å oppnå. Og vi vil ta inn over oss ansvaret for å hjelpe og støtte der våre krefter og midlar trengst.